

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Bente Bing Kleiva	FA - C20	15/2336

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
41/2015	Utval for levekår	PS	08.09.2015

Friluftslivets år 2015 - kåring av Hordaland sitt mest attraktive friluftsområde

Vedlegg:

Friluftslivets år 2015 - kåring av Hordaland sitt mest attraktive friluftsområde - ny frist!

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Fylkeskommunen har, i høve Friluftslivets år 2015, invitert til ei kåring av fylket sitt mest attraktive friluftsområde. Kvar kommune kan nominere eitt område kvar, ein fagjury plukkar ut ei liste på 3-5 som vert presentert for Kultur- og ressursutvalet som tek den endelege avgjersla og kårar ein vinnar. Fagjuryen ønskjer å få fram nominasjonar av friluftsområde i alle kommunar og såleis er fristen for å sende inn nominasjonar til kåringa av Hordaland sitt mest attraktive friluftsområde **innan 15. oktober**. Vinnaren vert vedteken av KURE, og prisen vert delt ut i fylkestinget i desember.

Retningslinene er forma i tråd med statleg friluftspolitikk, Regionalt kulturplan (20 15-2025) og Miljødirektoratet sin rettleiar for verdsetjing av friluftsområder;

Lokalisering — i eller utanfor tettstad/by, nærleik til skule, idrettsparkar mm.

- Brukargrupper frå nærmiljøet og i regionen - kor mange potensielle brukar er det for området som bur i nærliken og kor attraktivt er det for brukarar frå andre kommunar.
- Grad av tilrettelegging for alle befolkningsgrupper (universelt utforming) — t.d. skilting, parkering, turløyper, toalett, eldstad, baderampe, kai, fiskepir.
- Tilkomst til friluftsområde — korleis er det tilrettelagt for at brukarar kjem seg til området t.d. ved gange, sykkel, kollektivtransport, bil, båt, kajakk.
- Høve for aktivitetar i ulike delar av året — på land og i vatn — t.d. utstyrspark, nærmiljøanlegg som sandvolley, treningsapparat, hinderløyper, gapahuk, tilrettelagt for kajakk/kano.
- Natur og kulturhistoriske opplevingskvalitetar — kva kan ein oppleve av tilleggsverdiar i friluftsområdet og korleis dette vert formidla.

I nominasjonen skal det seiast noko om kva eventuelle prispengar på kr 30.000 skal nyttast for å gjere område endå meir attraktivt. Søknaden skal innehalde bilete, skildring og ei grunngjeving. Skjema er tilgjengeleg på www.hordaland.no

Vurdering

Meland kommune har fleire friluftsområde som kan vere med i ei slik kåring. Tenesteområde kultur har gjennom året hatt fleire samarbeid med ulike lag og organisasjoner om mellom anna utbetring av stiar og tilrettelegging av område. Stiprosjekta Flatøy – Håøytoppen og Skintveitmarka er snart avslutta og er allereie teken i bruk. Eldsfjellet er med si unike formasjon og eit viktig friområde og vi har Haltejohansvika/Elvavika/Mjåtvitelva som eit nærområde som mange har dagleg glede av.

Når ein skal velje eit område som kan representere Meland kommune er det viktig å ta punkta som står i innbydinga med i vurderinga. Ikkje alle områda har alle kvalitetane, men det er det unike ved staden ein veljer som vil vere teljande.

Folkehelse – viktig å fremje tuområda i kommunen

Miljø – har inga negative konsekvensar

Økonomi – ikkje vurdert i saka

Konklusjon

Meland kommune har fleire område som kunne vore med i ei kåring. Utvalet diskuterer kva for eitt av dei fire framlegga som vil vere det beste.

Framlegg til vedtak:

Utval for levekår har diskutert saka og kome fram til at dei kårer som Meland kommune sin kandidat til Hordaland sitt mest attraktive friluftsområde.

Utval for levekår - 41/2015

ULK - behandling:

Framlegg til vedtak i møtet:

Utval for levekår har diskutert saka og kome fram til at dei kårar Flatøy - Håøytoppen som Meland kommune sin kandidat til Hordaland sitt mest attraktive friluftsområde.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

ULK - vedtak:

Utval for levekår har diskutert saka og kome fram til at dei kårar Flatøy - Håøytoppen som Meland kommune sin kandidat til Hordaland sitt mest attraktive friluftsområde.